

Stortinget gjenopptok sine forhandlinger kl. 11. 50.

Ingvaldsen inntok igjen presidentplassen.

**Presidenten:** Det foreligger et referat.

**R e f e r a t:**

1. (1) Lagtingets presidentskap melder at Lagtinget har konstituert seg og valgt embetsmenn.
2. (2) Odelstingets presidentskap melder at Odelstinget har konstituert seg og valgt embetsmenn.

Enst.: Nr. 1 og 2 vedlegges protokollen.

**Presidenten:** Hermed erklæres Norges 112. ordentlige Storting lovlig konstituert.

Presidenten foreslår at underretning herom sendes Kongen gjennom Regjeringens sjef for at denne kan innhente Kongens bestemmelse om tiden for Stortingets åpning — Det anses bifalt.

Tidspunktet vil senere bli oppslått på tavlene.

Presidenten ber om bemyndigelse til etter at Stortinget er erklært åpnet, og etter at trontalen og beretningen om rikets tilstand er overlevert, å utbringe det vanlige ønske for Kongen og fedrelandet. — Bemyndigelsen anses gitt.

Presidenten foreslår at presidenten bemyndiges til å oppnevne en deputasjon på 7 medlemmer for å motta Kongen ved Stortingets åpning. — Bemyndigelsen anses gitt.

Som deputasjon oppnevnes:

Trond Wirstad, formann, Einar Gerhardsen, Berte Rognerud, Trygve Bratteli, Erling Petersen, Herman Pedersen og Reidar Bruu.

Presidenten ber videre om Stortingets bemyndigelse for Presidentskapet til etter alminnelig praksis å utføre forskjellige forretninger som tilligger Presidentskapet, og foreslår:

Presidentskapet bemyndiges til å la oppta og redigere debattene i Stortinget og dets avdelinger i samsvar med den gitte instruks, samt til enhver tid å treffe de bestemmelser som måtte kreves i anledning utgivelsen av «Stortingstidende», innstillinger, dokumenter og lover. — Bemyndigelsen anses gitt.

Fra Oslo domprosti er kommet følgende brev:

«Til Stortingets presidentskap.

På kirkens vegne har jeg den ære og glede å innby Stortinget til gudstjeneste i Oslo Domkirke søndag 8. oktober kl. 11.

Biskop Per Juvkam forretter.

Oslo domprosti, 27. september 1967.

Fredrik Knudsen.»

De representanter som ønsker å delta i gudstjenesten, anmodes om å samles i trappehallen i stortingsbygningen søndag 8. oktober kl. 10.40, så man etter gammel skikk kan gå samlet til kirken.

Møtet hevet kl. 11.55.

**Møte tirsdag den 3. oktober kl. 13.**

President: Ingvaldsen.

*Åpning av det 112. ordentlige Storting.*

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen seg kl. 13 i Stortinget, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

*Hans Majestet Kongens tale til det 112. ordentlige Storting ved dets åpning:*

«Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for Fedrelandet.

Norge ser det som sin viktigste oppgave i internasjonal politikk å bidra til å legge forholdene til rette for å sikre freden og arbeide for at konflikter blir løst gjennom forhandlinger. Norge vil aktivt støtte tiltak for dette formål. En hovedoppgave i denne sammenheng må være å styrke De Forente Nasjoners evne til å løse konflikter og gjennomføre fredsbevarende tiltak.

Arbeidet for internasjonal avspenning og forståelse vil bli fortsatt, både gjennom De Forente Nasjoner, gjennom regionale organisasjoner og ved videre utbygging av direkte kontakter og samarbeid mellom Norge og andre land. Deltakelsen i den Nordatlantiske forsvarsorganisasjon trykker landets sikkerhet og legger forholdene til rette for fortsatt fred og avspenning.

Norge gir sin fulle støtte til bestrebelsene for å nå fram til en avtale om ikke-spredning av atomvåpen.

Norge vil fortsette arbeidet for en friere verdenshandel og for å overvinne den handelspolitiske splittelse i Europa.

Norge vil fortsatt arbeide for å fremme utviklingslandenes økonomiske og sosiale vekst gjennom direkte tiltak og internasjonalt samarbeid og i den forbindelse vil opplæring og

undervisning bli vist særlig oppmerksomhet. Norge vil støtte tiltak med sikte på å løse utviklingslandenes handelsproblemer.

I samarbeid med andre skipsfartsland vil Norge fortsette arbeidet for fri konkurranse på like vilkår i internasjonal skipsfart.

Det vil bli lagt fram forslag for Stortinget om nytt langtidsprogram for Forsvaret for årene 1969—73. I rasjonaliseringsvirksomheten vil det bli lagt vekt på omorganiseringen av Forsvarets øverste ledelse og de viktigste forvaltningsorganer. Utredningsarbeidet vil bli fort videre med hovedvekt på den regionale forsvarsorganisasjon og tjenestetidsspørsmål.

Den økonomiske politikk vil bli utformet med sikte på å holde et høyt veksttempo også i kommende år. Målsettingen er en stigende og lønnsom produksjon, arbeid for alle og en rettferdig inntektsfordeling.

Prisstigningen vil bli søkt avdempet og den økonomiske politikk bli utformet ut fra dette hensyn. Det vil bli lagt fram en stortingsmelding om inntektspolitikken.

Stats- og nasjonalbudsjettet er utformet med sikte på fortsatt sterk innsats når det gjelder kommunikasjoner, boligbygging, forskning og undervisning, sosiale formål og distriktsutbygging.

Progresjonen i den direkte inntektsskatt til staten vil bli foreslått lempet og for å bedre barnefamilienes økonomi foreslåes en øking av barnetrygden. Det vil videre bli fremmet forslag om å sløyfe den strengeste reduksjonstabell ved den kommunale skattelikning.

Organene for forvaltningen av folketrygdens fond vil bli etablert.

Det vil bli lagt fram en melding om retningslinjene for myndighetenes behandling av søknader om sammenslåing av forretningsbanker og andre spørsmål av betydning for strukturutviklingen i bankvesenet.

Avtakssituasjonen i fiskeriene og behovet for effektivisering av produksjonen og salgsarbeidet vil bli tatt opp til vurdering. Spørsmålet om en regulering av tilgangen på fiskefartøyer og den framtidige rådgivningstjeneste vil bli utredet. Spørsmålet om utbygging av velferdstjenesten for fiskere vil bli forelagt Stortinget. Det vil bli lagt vekt på å styrke undervisningen ved fiskerifagskolene og fiskeriforskningen. Planleggingen av Fiskerifagskolen på Læksevåg vil bli slutført.

Det vil bli oppnevnt et utvalg for å vurdere om de fond og bevilgninger som allerede nyttes til investerings- og rasjonaliseringsformål i jordbruket bør samordnes og brukes mer aktivt for rasjonalisering av næringen og bedring av inntektsforholdene for utøverne.

Opplæringen ved Norges Landbrukshøgsko-

le vil bli foreslått omorganisert, utvidet og styrket. Blant annet vil det bli gjort opptak til å få innført opplæring i bruk av mer rasjonelle metoder innen utmarksnæringene, herunder jakt og fiske.

Undervisningen ved Statens meieriskole vil bli foreslått utvidet til å omfatte nye linjer for næringsmiddelteknikk for kjøtt, fisk og vegetabilier.

Forslag til ny jordkonesesjonslov vil bli framlagt.

Regjeringen vil sette ned et utvalg som skal utrede spørsmålet om en totalplanlegging, særlig med tanke på å sikre den framtidige forsyning av matvarer og viktige råstoffer.

I en stortingsmelding vil det bli gitt en analyse av strukturproblemene i norsk industri og fremmet forslag til løsninger.

Det vil bli fremmet forslag om opprettelse av et eget fond til støtte av bransjeforskning og om statlige utviklingskontrakter til industrien.

Proposisjon om ny håndverkslov og endringer i entreprenørloven vil bli framlagt.

I forbindelse med forslag til avtale med Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S om opprettholdelse av grubedriften på Svalbard, vil den framtidige norske virksomhet på Svalbard bli vurdert.

Det vil bli fremmet forslag om videre undersøkelser av Jomaprojektet i samarbeid med private interessenter.

Forslag om omorganisering av Kongsberg Våpenfabrikk, Raufoss Ammunisjonsfabriker og Marinens Hovedverft til aksjeselskaper vil bli framlagt.

En melding om Norsk Produktivitetsinstituttets framtidige virksomhet og om veiledningstjenesten og organisasjonsformen for husflid og småindustri vil bli forelagt Stortinget.

Tiltak med sikte på å styrke eksisterende bedrifter og skape grunnlag for ny og mer variert næringsvirksomhet i de svakere utbygde distrikter vil bli gitt høy prioritet. Det samme gjelder tiltak for å bedre forholdene for befolkningen i de indre strøk av våre nordligste fylker.

Under utbyggingen av kommunikasjonene vil det bli lagt stor vekt på samordning med andre distriktpolitiske tiltak.

Proposisjon til Stortinget om oppgavefordelingen i distriktsutbyggingen med forslag til endringer vil bli framsatt.

Arbeidet med naturvern og sikring av fri-luftsområder vil bli tillagt stor vekt. Proposisjon om lov om forurensing av vann og en melding om fredning av vassdrag vil bli framlagt.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om retningslinjene for arbeidsmarkedspolitikken.

Det vil bli fremmet forslag om endringer i lovreglene for varsling om driftsstans og driftsinnskrenkninger.

Stortinget vil få seg forelagt proposisjon om nedsettelse av den alminnelige arbeidstid. Økt støtte til grunnlagsinvesteringer og kommunale utbyggingstiltak vil bli foreslått.

Det vil bli lagt fram melding for Stortinget om bolig- og byggespørsmål med særlig tanke på planleggingsvirksomheten, finansieringen og arbeidskraftsituasjonen. Samarbeid med kommunene om boligreisingspørsmål vil bli utvidet.

Proposisjon om retningslinjer for disponeringen av de midler som staten får inn gjennom avdragsinnbetalingen av nedskrivningsbidrag og stønadslan, vil bli forelagt Stortinget. Det vil bli lagt fram proposisjon om endringer i husleieloven og om ny brannlov hvor regler om vern mot skogbrann er innarbeidet.

Det vil bli lagt fram forslag til lokalisering av ny stamflyplass i Møre og Romsdal, og et utredningsarbeid for å klarlegge spørsmålet om en framtidig avlastningsflyplass for Fornebu vil bli satt i gang.

Stortinget vil få seg forelagt en melding om planer og overslag for tunnelforbindelsen Oslo Ø.—Oslo V., og samarbeid vil bli tatt opp med de interesserte kommuner om persontrafikken i Oslo-området.

Et felles riksregulativ i fergedriften vil bli satt i verk.

Stortinget vil få en melding om organisasjonsforholdene m. v. i hotell- og turistnæringen.

Proposisjon om overprøving av vedtak om tvangsinngrep etter helselovgivningen vil bli fremmet.

Det vil bli lagt fram forslag til lov om trosamfunn m. m. og om endringer i lov om Den norske kirkes ordning. Spørsmålet om deling av Oslo bispedømme vil bli forelagt Stortinget.

Ytterligere tiltak med sikte på en mer økonomisk og rasjonell utnyttelse av bevilningene til skolebygg vil bli gitt høy prioritet, og arbeidet med administrasjonsordningen, skolemønstrer og undervisningens innhold i de videregående skoler vil bli påskyndet. En melding om reising og drift av skoleinternater vil bli lagt fram. Stortinget vil få en melding om retningslinjene for offentlig støtte til de private skoler og om deres plass i skoleverket.

Det vil bli lagt fram melding om språksituasjonen.

Støtteordningen for teatrene, konsertselskapene og ungdomsorganisasjonene vil bli tatt opp til ny vurdering.

Det vil bli utarbeidet en stortingsmelding om den framtidige organisasjon og finansiering av Varefakta-komiteens arbeid med merking av forbruksvarer og om de sosiale hjemmehjelpordninger, herunder hjemmehjelp for eldre.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om familierådgivningsvirksomheten.

Opplysningsarbeidet omkring alkohol- og narkotikaproblemet vil bli styrket.

Proposisjon om ny lov om sykehus vil bli lagt fram, og det vil bli fremmet forslag om en permanent låneordning for investeringer i sykehus og andre sosiale bygg. Videre vil det som et ledd i arbeidet for å øke innsatsen for de funksjonshemmede bli foreslått opprettet to sosialmedisinske avdelinger ved fylkessykehus.

Det vil bli fremmet proposisjon for Stortinget med forslag om regulering av grunnbeløpet i folketrygden fra 1. januar 1968. Det arbeides med et forslag om et sært tillegg til folketrygden for dem som bare oppbeholder grunnpensjon.

Utredningen av spørsmålet om tilleggspensjon til yrkesutøvere med lavere pensjonsalder enn 70 år vil bli sluttført og saken lagt fram for Stortinget. Det vil bli lagt fram forslag om å inkorporere syketrygden, yrkesskadetrygden og arbeidsløshetsstrygden i folketrygden. Lovene om krigspensjonering vil bli foreslått endret. Regjeringen vil legge fram forslag om den endelige tilpassing til folketrygden av loven om pensjonstrygd for sjømenn og av de statlige og private tjenestepensjonsordninger.

Det vil bli fremmet forslag om at trygdemidler i større utstrekning enn hittil skal kunne anvendes til anskaffelse av tekniske hjelpemidler og til servicetiltak for funksjonshemmede.

Trivselspørsmålene vil bli tillagt en sentral betydning under utformingen av Regjeringens politikk.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 112. ordentlige Storting åpnet.»

*Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lest av statsråd Lyngstad:*

«I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har arbeidd for nedrusting, internasjonal avspenning og mellomfolkeleg skjønsemnd. Noreg ønskjer å halde oppe Dei sam-

einte nasjonane som ein effektiv reiskap i tenesta for fred og har stødd opp om dei fredsvernande tiltaka åt organisasjonen. Ut frå dette synet har Noreg arbeidd for at Dei sameinte nasjonane skal vinne over dei politiske og finansielle vanskanne organisasjonen står andsynes.

I samband med attendedraginga av FN's vaktstyrke i Midt-Austen har Generalsekretæren til Noreg gjevi ord for påskjøning for den norske innsatsen gjennom ti år. Forutan å ha stelt troppar og medisinsk personell til rådvelde for FN-styrkane i Midt-Austen har Noreg ytt monalege friviljuge tilskott til å finansiere FN's fredsvernande operasjonar både i Midt-Austen og på Kypros. Norske offiserar gjer framleis teneste i dei observatørkorpsa FN har i Midt-Austen og i Kashmir. Hærens del av den innsatsbudde styrken som Noreg skal stille til rådvelde for FN er ferdig oppsett og repetisjonsøvd. Arbeidet med å byggje opp den styrken som fell på Sjøforsvaret og Luftforsvaret, er på det næraste fullført. Til saman er styrken på om lag 1330 mann. Med til styrken høyrer ei kirurgisk og felthygienisk katastrofeavdeling, som står til rådvelde for medlemslanda i FN også utanfor ramma av fredsvernande operasjonar. Det er skipa eit katastroferåd som skal vere eit rådgjevande organ for Regjeringa for norske hjelpeaksjonar ved katastrofar og liknande utanfor landegrensene. Spesialopplæring av befal for FN's fredsvernande aksjonar er i gang på sams nordisk basis.

Før året er ute vil NATO-rådet ha flytta frå Paris til Brussel, og NATO's militærkomite frå Washington til Brussel. Hovudkvartera for Europa-kommandoen og Sentralkommandoen har alt flytta frå Paris-området, det første til Belgia og det andre til Nederland. I samband med desse flyttingane er kommandoorganisasjonen forenkla og effektivisert. Sidan Frankrike har gått ut av det allierte kommandosystemet, må dei andre landa yte noko meir personell til dei allierte stabsoppsetningane.

Flyktningeproblema i verda er framleis store, særleg i Midt-Austen og i Afrika. I samsvar med Noregs tradisjonelle holdning er vårt land eitt av dei som har gjevi størst tilskott til FN's Høgkommissær for flyktningar. I tillegg til dei regulære tilskotta til FN's hjelpearbeid for Palestina-flyktningane har Stortinget i samband med krisa i Midt-Austen løyvd 2 mill. kroner. Dessutan vart det i oktober i fjor løyvd eit omframtilskott på 2 mill. kroner til stønad for hjelpearbeidet til Det norske flyktningerådet.

Noreg har teki aktivt del i den aukande verksemda i Dei sameinte nasjonane på det

økonomiske og sosiale området, og har for tida sete i handels- og utviklingsstyret i UNCTAD.

Noregs hjelp til utviklingslanda har haldi fram gjennom internasjonale organ og ved direkte tiltak i samarbeid med desse landa. Den norske hjelpa til vidare utbygging av fisket i India er lagd til rette i ein ny 5-årsavtale. Den norske innsatsen i Aust-Afrika er utvida, og det er gjort avtale med Zambia om fagleg hjelp. Det nordiske undervisningsprosjektet i Tanzania er ført vidare, og dei nordiske landa har sett i gang eit prosjekt til stønad for jordbrukssamyirket i Kenya.

Samarbeidet med dei private organisasjonane om utviklingsfremjande tiltak er styrkt enda meir. I samband med den nye internasjonale kornskipnaden er det ein føresetnad at Noreg stør eit program for kornleveransar til utviklingslanda.

Noreg har vori aktivt med i samarbeidet i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA). Toll og mengderestriksjonar på handelen med industrivarer mellom medlemslanda vart med visse mindre unnatak avskaffa frå 1. januar. Før å kunne ta vare på norske interesser på ein tilfredsstillande måte og med sikte på å få fjerna kløyvinga i Europa mellom dei to økonomiske grupperingane i EEC og EFTA, leverte Regjeringa den 24. juli i år med samtykke frå Stortinget søknad om tingingar med sikte på medlemskap i EEC og dei to andre europeiske fellesskapa. Innanfor ramma av Generalavtalen om tolltariffar og handel (GATT) har Noreg vori med i tingingar for å redusere dei internasjonale handelshindringane. Desse tingingane (Kennedy-runden) er no avslutta. Reduksjonane vil bli gjennomførte over fem år, og bli fullt effektive frå 1. januar 1972. Utrekningar viser at den gjennomsnittlege reduksjonen i tollen på norsk utførsel er om lag 30 prosent, medan den gjennomsnittlege reduksjonen i den norske innførselstollen er snautt 30 prosent. Dette svarer stort sett til den gjennomsnittlege tollreduksjonen i dei landa som var med i Kennedy-runden.

Noreg har halde fram med arbeidet for å hindre gjennomføringa av stendig nye restriksjonar som er retta mot utøvinga av fri internasjonal skipsfart.

Noreg har vori aktivt med i det mellomfolkelege kulturelle samarbeidet, både innanfor ramma av 17 tosidige kulturavtalar og innanfor internasjonale organisasjonar som UNESCO, NATO, Europarådet og Nordisk råd. Det er gjort kulturavtale med Den arabiske sambandsrepublikken.

Forsvarsverksemda held fram etter dei hovudretningslinene som er dregne opp for tid-



bolken 1964—68. Etter at våpenhjelpa fall bort, har verksemda i sterk grad vori merkt av omstillinga innanfor materiell- og forsyningssektoren.

Flåteplanen vil vere gjennomført i dette året. Det er gjort kontraktar og avtalar som vil tryggje utskiftinga av det viktigaste flymateriellet, og for hovudmateriel til Hæren er det gjort fleire utviklingskontraktar og materielltingingar.

Med utgangspunkt i stortingsvedtaket om utforminga av øvste leinga i Forsvaret, arbeider departementet med ei rekkje konkrete framlegg til endringar i organisasjonen av Forsvaret.

Folkemengda var 3 793 000 pr. 1. oktober 1967, dvs. 0,8 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden har hittil i år stort sett vori stram, med skort på kvalifisert arbeidskraft i ei rekkje yrke, næringar og distrikt. Det har likevel framleis vori noko undersysselsetjing og arbeidsløyse, særleg i vintermånadene i dei distrikta der primærnæringane utgjer ein etter måten stor del av næringslivet. Sysselsetjinga har stigi sterkt i alle månadene i høve til i fjor. Særleg har vekstraten vori høg i byggjeverksemda. Den registrerte arbeidsløysa låg i vintermånadene monaleg lågare enn i noko anna av 1960-åra. Men frå og med mai har ho vori noko høgre enn i fjor, enda om det i år òg for det meste gjeld rein friksjonsarbeidsløyse. Ved utgangen av august var det sysselsett 22 950 fleire lønstakarar enn eitt år tidlegare. Den registrerte arbeidsløysa var ved utgangen av august 5 900. Auken i sysselsetjinga fall hovudsakleg på dei tenesteytande næringane og industri og byggjeverksemd. Som vanleg i dei siste åra var det lågare sysselsetjing i jordbruk og skogbruk enn eitt år før.

Den samla produksjonen av varer og tenester har auka sterkt også i 1967, og var etter førebels utrekningar for første halvår 6 prosent større enn i tilsvarande periode i fjor.

Oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdet av innførsla utanom skip i dei åtte første månadene var 10,4 milliardar kroner, eller om lag 1 milliard kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdet av utførsla, den òg utanom skip, gjekk i same tida opp med om lag 300 mill. kroner til 7,0 milliardar kroner. Nettoinnførsla av skip steig med 775 mill. kroner frå 715 mill. kroner i januar-august i fjor til 1 490 mill. kroner i same tidsrom i år. Innførsla auka med 11 prosent i mengd, medan utførslemengda auka med 5 prosent frå første halvår i fjor til første

halvår i år. Prisane på innførte varer gjekk i same tid ned med 0,5 prosent og på utførte varer med 0,8 prosent. I dei sju første månadene av året var nettovalutafraktinntektene av norske skip i utanriksfart 2 690 mill. kroner eller 140 mill. kroner mindre enn i same tid i fjor. Underskottet på driftsrekneskapen med utlandet var på 1 515 mill. kroner, dvs. 1 465 mill. kroner større enn i dei sju første månadene i fjor. Store langsiktige kapitaloverføringar frå utlandet har dekt driftsunderskottet, og gull- og valutamengda auka med i alt 720 mill. kroner i tida januar—juli i år.

Jordbruket er vonene for årsvokstere stort sett noko betre enn dei var i fjor. I hagebruket er utsiktene til dels dårlegare enn året før. For husdyrproduksjonen ventar ein alt i alt små brigde i høve til 1966.

Skogbruket vart det i hogstbolken 1966—67 avverka 7,1 mill. m<sup>3</sup> tømmer etter førebels oppgåver pr. 30. juni 1967. Det er 10 prosent meir enn året før.

Utbytet av fisket i første halvår var om lag 1 750 000 tonn mot om lag 1 500 000 i same tid i 1966. Førstehandsverdet gjekk derimot ned frå om lag 680 mill. kroner til om lag 590 mill. kroner. Utviklinga når det gjeld utførsla, har ikkje vori så bra som ynskjeleg. Situasjonen er særleg vanskeleg for sildemjøl og sildolje, frosenfilet og til dels også for tørrfisk.

Ikvalfangsten i Antarktisk var det i fangstbolken 1966—67 med 2 kvalkoker, det same som i sesongen før. Fangstresultatet vart etter måten tilfredsstillande.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månadene av året 5 prosent større enn i same tidsrommet i fjor. Produksjonsauken frå 1966 var 17 prosent i bergverksdrift, vel 4 prosent i industri og 5 prosent i kraftforsyning.

Produksjonsauken i forhold til dei sju første månadene i 1966 var vel 3 prosent for eksportvarer, 4 prosent for konsumvarer og 5 prosent for varer til direkte investering. Produksjonen av varer til bygg og anlegg steig med 8 prosent og for varer til vareinnsats elles med vel 4 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft var i 1966 48,3 milliardar kWh, og i dei sju første månadene i år 29,4 milliarder kWh mot 28,0 milliardar i same tidsrom i fjor. Magasinfyllinga er i haust svært god. Det har framleis vori ei sterk utbygging av overførings- og samkøyringsliner. Det er no om lag 2 000 menneske som ikkje har elektrisk kraft.

I byggjeverksemda har det vori stiging i dei åtte første månadene av 1967 jam-

1967. 3. okt. — Åpning av det 112. ordentlige Storting.

**(Statsråd Lyngstad)**

ført med den tilsvarende perioden i fjor. For bustader har det vori stiging både i igangsetjings- og fullføringstala, som i same følgd var vel 500 og knapt 1300 høgere enn i perioden januar—august 1966. Ved utgangen av august var det i arbeid vel 800 fleire husvære enn på det tilsvarende tidspunktet i fjor. Sysselsetjinga i byggjefaga har dei siste månadene legi om lag 4 000 høgere enn i fjor.

I a n l e g g s v e r k s e m d a var sysselsetjinga i januar—august gjennomsnittleg 2,5 prosent større enn i same tid i fjor.

H a n d e l s f l å t e n auka med om lag 1,1 mill. bruttotonn i første halvdel av 1967, og var på 17,8 mill. bruttotonn pr. 30 juni. Av tilgangen var 44 prosent tanktonnasje. Ved utgangen av første halvår var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 3,7 mill. bruttotonn, dvs. ein nedgang på 1,7 mill. bruttotonn frå same tid i fjor. For tørrlastskip var fraktene på verdensmarknaden noko lågare i første halvår enn eitt år før. Tankratene låg òg i dei første fem månadene noko lågare enn i same tidsrom året før. Men krigen i Midt-Austen og stenginga av Suez-kanalen har ført til ei sterk stiging i ratene frå juni månad. I slutten av august låg 13 tørrlastskip på til saman 25 000 bruttotonn i opplag, medan heile tankflåten var i verksemd.

T r a f i k k e n i n n a n l a n d s v e k s. Det er framleis særleg sterk stiging i vegtransport og lufttransport. Jernbanetransporten av gods utanom malm har også auka.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1966 på 66700 km. Av dei var det lagt fast dekke eller oljegrusdekke på 12 900 km. Av riksvegnettet var om lag 12 200 km tillatne for 7 tonn akseltrykk og om lag 2 700 km for 8 tonn. Nye ferjer og ferjesamband og forsterking av bruar på hovudrutene hjelper til å binde vegnettet i hop. Bilparken var ved årsskiftet på i alt 654 000 vogner. Dette er ein auke på 9 prosent frå året før. Det er framleis kraftig auke i parken av tunge lastebilar. Også talet på lette lastebilar og varebilar aukar, medan mellomgruppa går attende. Vegtrafikken auka med vel 6 prosent frå 1965 til 1966.

Den 55 km lange jernbanestrekninga Ne-laug—Treungen vart nedlagt 1. oktober i år. I samband med nedlegginga er det lagt opp eit program for ei monaleg utbetring av vegnettet i dette området. I november vil Dovrebana vere klar for elektrisk drift fram til Otta. Det vil da bli innført ei ny ruteordning og toga vil få større maksimalfart. Statsbanene transporterte i fjor 34 mill. passasjerar. I første halvår i år låg passasjertalet 4,7 pro-

sent lågare enn i same tidsrom i fjor. Godsmengda, utanom spesielle malmtransportar, auka på same tid med 2,6 prosent. Etter fleire år med sterk auke minka malmtransporten på Ofotbana i fjor med 8 prosent som følgje av avsetnadsvanskar. Men i første halvår i 1967 har malmtransporten teki seg noko opp jamført med same tidsrom i fjor.

Det innanlandske flyrutenettet blir stadig utbygd med nye frekvensar og samband. Det er sett i gang førebunde arbeid for utbygging av kortbaneplassar i Namsos, Brønnøysund, Sandnessjøen og Mo i Rana. På dei innanlandske flyrutene steig passasjertalet med 21 prosent frå 1965 til 1966. SAS-trafikken på dei internasjonale rutene vart hemma av streik i juni 1966. Likevel auka trafikken til dels sterkt på viktige ruter mellom Noreg og utlandet. Talet på passasjerar som har kommi og reist over norske flyplassar, låg i første halvår 1967 over 22 prosent høgere enn i første halvår 1966.

Frå 1. januar er det gjort ein godstransportavtale mellom fleire av dei store kyst-ruteselskapa om samseiling. Skipsmateriell er delvis utskifta og rutene omlagde til meir effektiv drift. Transporten med fraktfarty har gått noko ned i dei siste åra.

Ved utgangen av 1966 var det installert vel 913 000 telefonapparat ved telefonanlegga til Telegrafverket og tilknytingsnetta. Dette er ein auke på 4,2 prosent frå 1965. Telefontettleiken er dermed kommen opp i 25,1 apparat pr. 100 innbyggjarar. Ventelistene på telefon er i jamn nedgang. 79,5 prosent av apparata er tilknytte automatiske telefonsentralar. Ein reknar med at 90—95 prosent av rikstelefontrafikken no blir avvikla utan ventetid. Innanlands blir no vel 30 prosent av rikstelefontrafikken avvikla automatisk. Av telefontrafikken til utlandet blir 25 prosent avvikla automatisk. Det innanlandske fjernskrivarnettet er no fullautomatisert.

Trafikken i Postverket aukar. Talet på bokførte sendingar i dei fem første månadene i 1967 auka med 6,5 prosent i forhold til tilsvarende periode året før. Posttrafikken går i dag over vel 4 200 poststader. Talet på poststader har i dei seinare åra gått ned fordi nye landpostruter i nokon mon har kommi i staden for små poststader.

K o n s u m p r i s i n d e k s e n låg frå januar til august i gjennomsnitt 4,4 prosent høgere enn i tilsvarende tid i fjor. Frå januar til august har indeksen stige 3,6 prosent.

E n g r o s p r i s i n d e k s e n låg frå januar til august gjennomsnittleg 1,6 prosent høgere enn i tilsvarende periode året før.

For utviklinga i dei private inn-

tektene har ein enno lite å halde seg til. Førebels utrekningar tyder på at dei samla lønstakarinntektene før skatt vil bli om lag 10 prosent større enn i 1966. Den private disponible realinntekta vil så vidt ein no kan dømme, auke med om lag 5 prosent frå 1966 til 1967.

Det private forbruket var i første halvår etter førebels utrekningar 5 prosent større enn i same tidsrom i fjor. For heile 1967 reknar ein med ein auke på 4,5 prosent i forhold til 1966.

Bruttoinvesteringane i fast kapital var i første halvår om lag 20 prosent større enn i første halvår 1966. Den sterke stiging kjem mykje av auken i skipsinvesteringane. Dei var heile 48 prosent større enn i tilsvarende periode i fjor. For bruttoinvesteringane i fast kapital utanom skip var det ein volumauke på 12 prosent.

Kredittpolitikken i 1967 har bygd på bruken av kredittlova og avtalar med forretningsbankane og livstrygdelaga. Auken i utlåna frå innanlandske kredittinstitusjonar til næringslivet, kommunar og private har hittil i år vori om lag som i 1966, medan opplåninga i utlandet har vori monaleg større enn i fjor.

Finanspolitikken har hittil i år ført til ei noko større likviditetsinndraging frå bankar og publikum enn i 1966, noko som i første rekkje heng saman med fondsoppsamlinga i Folketrygda.

Statens opplæringsverksemd er intensivert, dels for å gjere tenestemennene fullføre til det arbeidet dei har, og dels for å gjere dei skikka for meir krevjande arbeid. Rekrutteringsbehovet for saksbehandlarar i departementa er undersøkt, og det blir gjort tilsvarende undersøkingar for direktorata og den sivile ytre etaten.

Styrkinga av rasjonaliseringsarbeidet i statsforvaltninga held fram. Arbeidet med opplæring og utvikling av tenestemenn som skal vere med i rasjonaliseringsarbeidet i dei enkelte institusjonane og i R-direktoratet, er utvida. Det blir lagt stor vekt på ei snøgg og samordna innføring av elektronisk databehandling på dei område der den vil gje høgre effektivitet. Av viktige, sentrale prosjekt kan elles nemnast administrative reglement for regjeringskontora, statens budsjett- og rekneskapsordning (program- og prestasjonsbudsjettering), og organiseringa av statens innkjøpsverksemd.

Kommunane er framleis under sterkt økonomisk press. Aktiviteten er stor og krava som blir sette til dei, aukar. I 1967 nyttar 395 av dei 454 kommunane i landet strengaste skattlegging, skattøre 19 og tabell 1. For bud-

sjettåret 1968 vil det bli brukt 240 mill. kroner til kommunal skatteutjamning og om lag 146 mill. kroner som tilskott til vegutgiftene i fylka.

Region- og generalplanlegging etter den nye bygningslova er i gang i ei rad distrikt. Arbeidet med landsdelplanlegginga er forsert. Landsplanen for nasjonalparkar blir gjennomført etter kvart som områda er klare for fredingstiltak. Det har vori intensivert arbeid med å tryggje og verne opphavleg natur for vitenskaplege, pedagogiske og rekreative formål.

Distriktsutbygginga har haldi fram i auka omfang. Utbyggingsfondet for distrikta gav i 1966 tilsegn om lån og garantiar til ein sum på i alt 183,4 mill. kroner mot 131,6 mill. kroner i 1965. Talet for første halvår 1967 var 137 mill. kroner.

Folketrygda vart gjennomført frå 1. januar 1967. Ho omfattar førebels ytingar ved alderdom, uførleik, dødsfall og tap av forsyntar, og ytingar til ugifte mødrer. Grunnpensjonane etter folketrygdlova representerer ein auke av ytingane på 20 prosent i forhold til grunn- ytingar til ugifte mødre. Grunnpensjonane trygd, uføretrygd, attføringshjelp og enke- og morstrygd. Det vart i fjor haust gjennomført ein breidt opplagd opplysningskampanje om folketrygda.

Reglar om administrasjonen av folketrygd- fondet og om forvaltning av midlane er fastsette ved stortingsvedtak 30. juni 1967.

Trygderetten vart skipa 2. mai, og er ein sentral ankeinstans for folketrygda og andre pensjons- og trygdeordningar som er fastsette i lov.

Barnetrygdytingane vart frå 1. januar 1967 auka til kr. 450,— for 1. barn med trygderett, kr. 600,— for 2. barn, kr. 750 — for 3. barn osv. med ein stigingssum på kr. 150,— for kvart barn.

Satsane i Krigspensjoneringa vart auka frå 26. april i samsvar med reguleringa av pensjonane i Statens pensjonskasse.

Frå 1. juli og inntil vidare blir det ytt eit dyrtidstillegg på 10 prosent til bruttopensjonane i Pensjonstrygda for sjømenn.

Alkoholforbruket var i 1966 3,85 liter — omrekna i rein alkohol og rekna i medeltal for kvar innbyggjar på 15 år og eldre — mot 3,72 liter i 1965. Talet på drukkenskapsmisferder var i 1966 33 733. Det var praktisk talt same tal som i 1965. Pr. 1 000 innbyggjarar (på 15 år og meir) blir dette 12,0 misferder mot 12,1 misferder i 1965. I 1. halvår 1967 var alkoholforbruket 1,84 liter rein alkohol. Talet på drukkenskapsmisferder var 17 736.

Det er sett i gang ei opplysningsverksemd om narkotika og narkotikamisbruk. I første

omgang tek ein sikte på å nå fram til visse grupper av «nøkkelpersonell» på skole-, helse- og politisektoren i alle fylke i landet.

I samband med lova om sosial omsorg er det sett i gang visse undersøkingar om trongen for sosialhjelp mellom folket i Karasjok og Kautokeino. Det er gjevi ei løyving til sosiale hjelpetiltak i desse kommunane og engasjert ein sosialkonsulent for ein periode på eitt år.

Den allmenne helsetilstanden må seiast å vere tilfredsstillande. Det har i året ikkje vori alvorlege farangar av farlege smittsame sjukdomar.

Talet på dødsfall mellom spedbarn går nedover i heile landet. Eit nytt meldingssystem for fødslar er teki i bruk og vil venteleg gje helsemaktene kjennskap til eventuelle medfødde lidningar på eit tidlegare tidspunkt enn før.

Frekvensen av kjønssjukdomar viser ein aukande tendens, og ein førebur ein opplysningskampanje som ein lekk i kampen mot desse sjukdomane.

Det er vedteki å setje i verk folketannrøkt også i Hedmark fylke i 1967, og den omfattar no i alt 13 fylke. I kommunar der det ikkje er innført folketannrøkt, held skoletannrøkta fram på kommunal basis.

Når det gjeld nye sjukehusplassar, har det særleg gått føre seg ei sterk utbygging innan det psykiske helsevernet og åndsveikeomsorga, der talet på plassar har auka med om lag 700.

Frå 1. januar 1967 er det skipa ein statens fysioterapiskole til avløyning av Oslo Ortopediske Institutt.

Ved utgangen av 1966 var det i drift 506 daginstitusjonsavdelingar for barn i førskolealderen. Det er ein auke på 58 avdelingar frå førre året. Frå 1. januar 1967 vart daginstitusjonane friteikne for byggjeløyve. I samsvar med den tilskottsordninga som vart etablert 1. januar 1966, er det for i år og kommande år førebels gjevi tilsegn om tilskott til bygging av 80 avdelingar med plass til nesten 1400 barn.

Nettoutgiftene til kulturføremål over stats- og kommunebudsjetta er i år over 4 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1044 prestestillingar. Siste året er det gjevi løyve til å byggje 4 kyrkjer og kapell.

Talet på elevar og studentar ligg i skole- og studieåret 1967—68 på om lag 725 000.

Samla elevtal i allmennutdannande skolar og i lærarskolar er no om lag 640 000. Om lag 265 kommunar er i gang med forsøk med 9-årig skole i 1967—68.

Det er om lag 2 900 elevplassar ved 68 spe-

sialskolar. I 1967 er det sett i gang 5 nye spesialskolar.

Talet på artianarar og kandidatar frå økonomisk gymnas er i år om lag 13 000 eller 20,5 prosent av årskullet. I skoleåret 1967—68 blir det om lag 48 000 elevar i gymnas og handelsgymnas.

Elevtalet i folkehøgskolen er om lag 6 000, og av desse er om lag 2 400 i vidaregåande kurs.

I lærarskolane er det no om lag 6 800 elevar, og 1 500 i faglærarskolane. Våren 1967 vart det uteksaminert 2 565 nye lærarar og 740 nye faglærarar.

For realskolar er det i år rekna med ein nedgang på om lag 6 000 elevar i samband med overgangen til 9-årig skole.

Utbygginga av yrkesskolane for handverk og industri held fram. For skoleåret 1966—67 hadde verkstadskolane 15 725 elevar på heilårskursa og dessutan elevar på ei rekkje deltidskurs.

Hausten 1966 vart det sett i gang nye studentklassar ved dei tekniske skolane. I vår vart det uteksaminert 1 040 elevar frå dei tekniske skolane, og i haust vart det teki opp 1 822 nye elevar. Sørlandets tekniske skole er sett i gang frå i haust. Alle dei tekniske skolane er no 3-årige.

Hausten 1967 er det i gang 70 yrkesskolar for handel og kontorarbeid med om lag 7 400 elevar. Kapasiteten ved dei maritime skolane er den same som før.

Det blir arbeidd med å få kommunane og fylka engasjerte i vaksenopplæring i tilknytning til skoleverket, med fordeling av utgiftene mellom kommunane, fylka og staten som for tilsvarende opplæring for ungdom. Nærare retningslinjer er sende ut til kommunane og fylka.

Dei friviljuge opplysningsorganisasjonane held fram med arbeidet.

Samarbeidet mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Arbeidsdirektoratet held fram når det gjeld yrkesopplæring for vaksne som lekk i arbeidsmarknads- og systemsetjingspolitikken. Yrkesopplæringa for vaksne har no ein kapasitet på om lag 7 000 elevplassar.

Studenttalet ved universitet og høgskolar i Noreg er i haust om lag 24 000. Talet på norske studentar som blir utdanna i utlandet, ligg no på om lag 4 000. Løyvinga til universitet og høgskolar er auka med 28 prosent frå 1966 til 1967; til utstyr og inventar i nybygg er auken nærare 50 prosent. Siste året er det skipa 435 nye stillingar. Til nybygg og kjøp av tomter vil det gå med 114 mill. kroner i 1967.

Universitetet i Bergen har i haust teki i



bruk nye rom på til saman 16 000 brutto kvadratmeter for dei historisk-filosofiske faga og har no plass til langt fleire studentar enn tidlegare.

I 1967 vil det venteleg bli sett i gang byg-gjearbeid for nye undervisningsbygg for om lag 600 mill. kroner. Av denne summen vil om lag 440 mill. kroner gå med til kommunale og fylkeskommunale skolebygg. Nye undervisningsbygg på om lag 475 000 m<sup>2</sup> blir tekne i bruk i år.

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde 1. januar 1967 105 000 låntakarar med eit samla utlån på 746 mill. kroner.

Det vil i år bli gjevi statsstipend til skole-ungdom og studentar for om lag 93 mill. kroner. Eit utbyggingsprogram på om lag 4 000 nye studentbustader er sett i gang i år i Oslo, Bergen, Stord, Levanger og Tromsø.

Det er i år vedteke ny stønadsskipnad for drifta av atelieret til Norsk Film A/S, og arbeidet med ei opplæringsverksemd for filmfolk er sett i gang.

I samarbeid med dei andre nordiske landa er det i sommar skipa eit nordisk restaurerings-senter i Firenze som skal hjelpe til med å setje i stand kunsts-kattar etter storflaumen der i 1966.

I 1967 er det teki bruk 14 nye samfunns-hus, 2 idrettshallar, 40 symjeanlegg og ei rad utandørs idrettsanlegg av ymse slag. Ved endringar i år i tippelova har idrettsarbeidet fått auka midlar.

Pr. 15. september 1967 var det 1 113 531 som hadde løyst radiolisens og 640 047 fjernsynslisens. Fjernsynet vil nå fram til Kirkenes i 1967, og Kautokeino og Karasjok vil venteleg òg få fjernsyn før året er omme.

For 1967 har Norsk Kulturfond fordelt 16,5 mill. kroner til ymse kunst- og kulturføremål.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Herre Konge!

Det 112. ordentlige Storting, som Deres Majestet i dag har åpnet, er det tredje i denne valgperiode.

Trontalen inneholder mange og viktige saker som dette Storting vil få til behandling.

De internasjonale problemer gir for tiden grunn til bekymring og uro. Utviklingen har ikke ført til den avspenning vi har håpet på. De internasjonale forhold slik som de også gjenspeiler seg i De forente nasjoner, er preget av dype motsetninger og av at situasjonen flere steder ute i verden har tilspisset seg.

Vårt land må så langt dets innflytelse og evner rekke, yte sitt bidrag til konstruktivt arbeid for avspenning og fred. Det er re-

presentantenes ønske og håp at tvistespørsmål statene imellom må bli løst ved forhandlinger.

I sine bestrebelser for å trygge freden vil Kongen og hans Råd alltid kunne regne med full og helhjertet medvirkning fra Stortingets side.

De innenrikspolitiske oppgaver er mange og spenner over et vidt felt. De vil legge beslag på det meste av Stortingets tid. Stortingets gjerning er ansvarsfull, og for å nå fram til den beste løsning av alle disse oppgaver vil det stilles store krav til representantenes vilje og evne til samarbeid.

Deres Majestet uttalte i trontalen det håp at Stortingets gjerning måtte bli til gagn for fedrelandet, og i tillit til at hver enkelt representant yter sitt beste i det arbeid som Stortinget nå går til, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.40.

#### Møte onsdag den 4. oktober kl. 10.

President: I n g v a l d s e n.

D a g s o r d e n (nr. 1):

1. Finansministerens redegjørelse for statsbudsjettet.
2. Referat.

*Minnetaler over tidligere stortingsrepresentant Anton Marinus Jenssen, tidligere stortingsrepresentant Ivar Bae og stortingsrepresentant og visepresident i Stortinget Nils Langhelle.*

**Presidenten:** Ærede medrepresentanter!  
Tidligere stortingsrepresentant, kontorsjef Anton Marinus Jenssen døde den 25. juli, 87 år gammel.

Han var født 27. november 1879 i Jylland,